

## DOVRE HISTORIELAG.ÅRSBERETNING FOR 2015

### STYRET:

Leiar: Magne Botten  
Nestleiar: Roy Ove Fjerdingsby  
Kasserar: Hans Rudiløkken  
Sekretær: Else Hole Ulekleiv  
Styremedl.: Merete Killi Moastuen  
Varamedl.: Melvin Rykhus

### FOTOUTVALG:

Leiar: Ola Tovmo, Hans Martin Lie, Arne Åteigen, Bjørnhild Vigerust, Gerd Jøndal, Gunnar Bjørke og Gunnar Arne Løvlund.

### REDAKTØR DOVREBYGDE:

Asbjørn Amble

### VALGKOMITE:

Leiar: Inger Skomakerstuen  
Bjørn Øiom  
Hans Bergseng

### REVISORER:

Kjellaug Aasen  
Sverre Killi.

61 har betalt kontingenten for 2015

Litt om lagets aktivitet i året som er gått:

Det har vore halde 8 styremøter og det er behandla 36 saker. 3 medlemsmøter, eit i tilknytning til årsmøtet -der Merete Killi Moastuen og Gunvor Gauteplass tok oss med på ei reise ut i naturen med vakre bilder fra fjell, dal og vidde. Eit medlemsmøte hadde vi ilag med Lesja Historielag på Jora-tunet 25 mars 2015. Tittelen på kvelden var « Gryta hennar Mor» der Bodil Nordjore og Astrid Riddervold kåsserte. Ein svært velykka kveld med fullt hus. Overskotet av kvelden gjekk til utgjeving av Rosemalingsboka fra Lesja og Dovre. Det tredje medlemsmøtet hadde vi på Toftemo 3 desember 2015-der Ola Tovmo synte fram gamle bilder fra arkivet. Utruleg mange flotte bilder- ein opplevelse å få sjå Dovre og Dovrefjell i ei anna tid.

Asbjørn Amble hadde ferdig Dovrebygde for salg og tok oss med på ei interessant info-runde om bokas innhold. Ei svært god Dovrebygde var eit lett salgsobjekt denne kvelden.

Det har vore arrangert 2 markdager: 28 juni 2015 var det framøte ved Eftansåa for å fylgja gamle vatningsvegar. Torkjell Talleraas var kjentmann og forteljar. Dei som hadde avsatt dagen til dette var svært fornøgde.

20 september 2015 var det ei kulturhistorisk vandring på Dovrefjell. Fra Fogstugu over Hardbakken med Geir Paulsrud. Dette var isamarbeid med Dovre kommune. Mange deltok og det var berre positive attendemeldingar.

Dovre Historielag har arbeidd aktiv med rydding og merking av stigar dette året.

Merete og Melvin har stått på både med papirarbeid (tillatelser/kart) og med ryddesag/øks i sommer og haust. Nå skal det bestillast skilt fra Lesja og Dovre Vekst. Det er søkt om finansiell bistand fra Oppland Fylkeskommune, Sparebank 1 Lom og Skjåk og grunneigarlagene i Dovre. Gjensidigestiftelsen er ein stor bidragsyter til slike formål og vi venter spendt på vi får «napp» der.

Rydding og merking av stiger-prosjektet vil halda fram så sant økonomien tillet det.

Alle grunneigarane er spurt om dei vil tillate at det ryddest og merkast over deira eigendom. Dei aller fleste er positive til dette.

Med Sæterboka har det vore ein del «Dugnad» i sommer, tekst skulle kontrollerast på alle sætrene og styremedlemmene tok sin tørn saman med Alf som kontrollerte det heile. Det vert ei «fager»bok og det vert stas den dagen ho er ferdig.

Faneprosjektet har vore på vent sidan vi hadde ei sak i Vigga før 17 mai 2015. Det er liten respons på om nokon veit om gamle faner. Vi set trykk på saken og prøver ei ny artikkel med Dombås skole og Vigga til 17 mai.

Fotoutvalget er eit aktivt utvalg som har jamnlege møter

Heimesida er nå oppe og går-Ola Tovmo har gjeve oss sin bistand med den

Dovre Historielag er også på Facebook.

Dovrebygde sel godt.

Else Hole Ulekleiv  
sekr.